

Arkivnr: 2017/3951-1

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017

Retningslinjer for premiering til nasjonale og internasjonale idrettsarrangement**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har i ei årrekke hatt ei ordning der ein kan søkje om premiering til nasjonale og internasjonale meisterskap. Til nasjonale og internasjonale seniormeisterskap er det mogleg å søkje Hordaland fylkeskommune om sølvpokal til premiering. For nasjonale og internasjonale juniormeisterskap kan ein søkje om kunstverk med idrettsmotiv som premie. Det vil verte utarbeidd elektronisk søknadsskjema for denne ordninga. Fylkesrådmannen legg fram retningslinene til revidering.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek retningslinjer for premiar og gåver ved nasjonale og internasjonale idrettsarrangement.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.05.2017

Retningslinjer for premiering til nasjonale og internasjonale idrettsarrangement

Om ordninga: Til nasjonale og internasjonale seniormeisterskap er det mogleg å søkje Hordaland fylkeskommune om sølvpokal til premiering. For nasjonale juniormeisterskap kan ein søkje om kunstverk med idrettsmotiv som premie.

Kven kan søke: Det er mogleg å søkje om premiering til arrangement skipa til av organisasjonsledd i Norges idrettsforbund, Det Frivillige Skyttervesen og/eller underliggende organisasjonsledd.

Kva kan støttast: Det er mogleg å søkje om premiering til norske og internasjonale meisterskap på junior og seniornivå.

Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak: Søknad om premiering skal innehalde informasjon om type meisterskap, idrettsgrein, kva for klassar det skal premierast i, og om Hordaland fylkeskommune har støtta liknande arrangement tidlegare. Elektronisk søknadsskjema skal sendast seinast to månader før arrangementet.

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen eller hfk@hfk.no.